

Andreas Kristoffersen debuterte og fekk beste tid i SPAR- løpet.

25.05.2019



Andreas Kristoffersen hadde startnummer på brystet for fyrste gong i sitt liv og sprang til beste tid av alle i dag.

Andreas Kristoffersen hadde startnummer på brystet for fyrste gong i sitt liv. Han sprang i klassen Menn 35 - 39 år på tida 11,42 min i den vel 3 km lange løypa. Knut Olav Myklebust vart nr. 2. Kristoffersen var den store overraskinga. Han fortel til Uskedalen.no at han spring etter sauer i fjellet og trenar på tredemølle i perioden han er på arbeid på plattform i Nordsjøen. SPAR- løpet samla born og vaksne frå heile Kvinnherad. Best deltaking var det i aldersgruppene fram til fylte 10 år.

Uskedal Idrettslag ved Ski- og fritidrettsgruppa er tilskipar av det årlege SPAR- løpet. SPAR Uskedalen er sponsor. Alle får deltakarmedalje, mat og drikke. Frammøteplassen, start og mål er på Sandakaien. Det er tre ulike løyper med varierende lengder, 350, 750 og 3080 meter. Det er ikkje tidtaking og rangering for klassane fram til og med 10 år. Frå fylte 11 år er det tid og rangering.



Best deltaking var det i klassane gutar og jenter. Her er starten på SPAR - løpet 2019.

Ikkje uventa vann Amund Hella Berge - Soldal klassen G 12 med tida 2,22 min. Løypa var 750 meter lang. Brørne Sondre og Eirik Soma Erstrand frå Ternen sprang i same klassen og var hakk i hel.

Vi merka oss to andre sysken, som begge gjer det godt. Det er William Samland Eik, nr. 1 i klassen G 11, og Anna Elisabeth Samland Eik, nr. 1 i klassen J 14. Begge sprang 750 meter, han på 3.00 min og ho kom i mål på 2,43 min.

Den eldste deltakaren i dag var Kurt Haugland i klassen 60 - 64 år. Han spring som vanleg godt, vel 3 km på tida 14,40 min.



William Samland Eik nr. 1 i klassen Gutar 11 med tida 3,00 min i ei løype på 750 meter.

I forkant av SPAR - løpet var det Hjartemarsj ved Uskedal Helselag og korpsmusikk ved Uskedal Musikklag.



Stolte deltakere i klassen Jenter 10 - 11 år: Bak f.v: Kylah Stensletten og Ebba Hermann-Fossli. Framme f.v: Eline Bjørke Ljostveit, Sanne Ekeland og Martine Myklebust.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal

Fullstendig deltaker- og resultatliste: Sjå Uskedal Idrettslag si heimeside.



Amund Hella Berge-Soldal vann klassen Gutar 12 med brønerne Sondre og Eirik Soma Ersland hakk i hel.

